



Gamlestova, som no skal restaurerast er den kvite bygningen nærast fotografen. Til høgre for den ligg eldhuset der restaureringa var ferdig før jul. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Familien Miljeteig på Friheim lengst oppe i dalen har gjort ein imponerande innsats med nybygg og restaurering gjennom 20 år. Og det stoppar ikkje no. Det står att å skifta vindaugene og utbetra råteskadene på det gamle våningshuset.**

For ei stund sidan vart det gjeve tilskott frå fylket til dette arbeidet – av såkalla SMIL-midlar. Når det blir gjeve slikt tilskott, skal arbeidet gå føre seg innan ein bestemt frist. Men dette arbeiet har vorte forseinka og no har Bjørg Inga F. Miljeteig søkt om ytterlegare forlenging av arbeidsfristen.

Grunnen til utsetjinga er at dei har hatt mykje arbeid og store utgifter til nybygg for gardsmatproduksjonen. Dei vonar å ta til med restaureringsarbeidet av gamlahuset til sommaren, skriv ho.

Det har skjedd ein liten revolusjon på Friheim med omsyn til bygningar. Først vart det bygd ny stova ovanfor det gamle tunet (i 1988). Så kom turen til den nye løa nede ved vegen og garasjebygningen attmed nystova.

For eitpar år sida bygda dei kraftverk i lag med naboen og i 2005 kom turen til eit påbygg til garasjen. Der starta dei sist haust produksjonen av gardsmat. Det aller siste dei har gjort er å restaurera det gamle eldhuset frå midten av 1850-talet som ligg ved sida av gamlestova. Og no kjem altså turen til denne.

Av Ola Matti Mathisen